



BØMLO

TILFLYTTARSTRATEGI

Utarbeida av LÉVA Urban Design for Bømlo Næringsråd, oktober 2023

Innhald:

00 - Innleiing.....	3
01 - Utfordringsbilete.....	4-6
02 - Overordna satsingsområder.....	7-9
03 - Personas - valde målgrupper.....	10-32
04 - Utvikling av kommunesenter og lokalsentre.....	33-44
05 - Frå strategi til handling.....	45-48

Om leveransen

Den samla prosjektleveransen finn du på [tilflyttarstrategi.no](#).
Her finn du fullstendig kunnskapsgrunnlag, prosessbeskriving og
fleire nedlastbare filer som kan brukast aktivt i framtidig arbeid
med å realisere strategien.

Dette dokumentet er sjølve strategidokumentet,
men må sjåast i samanheng med grunnlaget ein finn på den samla
leveransen sin nettstad.

Strategien er utført av LÉVA Urban Design AS på oppdrag for
Bømlo Næringsråd i perioden mars - november 2023.

Desse har finansiert arbeidet med tilflyttarstrategien:
Advision - Amundsen Diving - bluesystems - Bremnes Seashore -
Bømlo fiskerihavn - Bømlo Næringsråd - Bømlo Skipsservice
- Bømmelfjord - Eidesvik Invest - Eidesvik Offshore - Embicon
- Evik - Finnås Kraftlag - Fremskridt Laks - Fylkesnes Fisk - GAC
- Haugesund Sparebank - i4Factory - ilder - Langevåg Bygdatun -
LEVA Urban Design - LOS Elektro - LOS Marine - Marine Manager -
Martech Marine & Industriservice - Masterloop - multiSAFE - Nora
Invest AS - Olvondo Technology - Sparebanken Vest - Stiftelsen
Espevær Assuranseforening - TESS - UNITECH Offshore-
Wave Propulsion - Wärtsilä Norway - Zinus

Innleiing

Ifolge SSB (2022) står mange distriktskommunar i dag ovanfor ein situasjon der folketalet er forventa å synke fram mot 2050. Samstundes vil befolkningsveksten i og rundt dei største byane halde fram å auke, og det vert peika på at det særleg er unge frå distrikta som søker seg til byane. Som ein konsekvens av dette ser ein større konsentrasjon av eldre på bygda. Med fleire eldre og færre unge, vil distriktskommunar kunne oppleve utfordringar knytt til reduksjon i skatteinntekter, auka press på offentlege tenester, og mangel på arbeidskraft til lokalt næringsliv.

For å motverke denne framskrivne utviklinga, og få fleire til å ha lyst til å busetje seg på Bømlo, krev det ein heilskapleg innsats. Tilflyttarstrategien er difor brei, og tek med seg både folkehelseperspektiv, heilskapleg stadsutvikling og samarbeid på tvers av næringsliv, kommune, frivilligkeit og andre sentrale aktørar.

Strategidokumentet er meint som grunnlag for å sikre at tiltaka som vert satsa på, aukar kjangsen for å lukkast, samstundes som det gjer eit heilskapleg bilet på kva ein må arbeide med. I tillegg peikar den på område som avheng av kvarandre, og som må takast omsyn til for å oppnå auka attraktivitet for tilflytting.

Strategidokumentet tek ikkje føre seg skildringar eller tiltak som gjeld spesifikt korleis ein skal behalde alle som er busett på Bømlo, men fleire av innsatsområda treff òg dei som bur her i dag.

Det er òg peika på innsatsområde som ein gjerne ikkje tenkjer er like viktige for ”bømlingen”, men som vil vere svært viktig for nye målgrupper me ynskjer å tiltrekke oss til kommunen. Desse må ha sterkt fokus i framtidig arbeid for å oppnå befolkningsvekst, og styrke attraktiviteten til staden.



Bilete frå medverknadsprosess,
arbeidsverkstad på Bømlo Kulturhus i juni 2023.

01

Utfordringsbilete

Basert på Bømloundersøkinga med 1279 respondentar, litteraturgjennomgang av relevant forskning, tal frå SSB og LÉVA sine faglege vurderingar knytt til stads- og samfunnsutvikling, viser dei neste sidene ei oppsummering av dei viktigaste overordna problemstillingane som må løysast for å auka attraktiviteten og interessa for å busetje seg på Bømlo. Sjå nettstaden [tilflyttarstrategi.no](#) for fullstendig kunnskapsgrunnlag, meir innsikt i kvifor folk flyttar og meir detaljert data frå Bømloundersøkinga. I arbeidet med Bømloundersøkinga og tilflyttarstrategien, har me teke utgangspunkt i Bømlo kommune sin samfunnsplan, og kommunne- og lokalsenter utheva der.



Einsformig arbeidsmarknad - særleg for kvinner!

- 55 % av kvinnene som svarte på Bømloundersøkinga jobbar innan helse og omsorg eller undervisning. 71% av menna jobbar med fiske og oppdrett, industri, bygg og anlegg, olje og gass. I distriket er det meir tradisjonelle kjønnsrollemönster enn i byane.
- Relevant jobb til to. Jobb er ein viktig årsak til å flytte. Variert arbeidsmarknad og moglegheit til å arbeide med det ein ynskjer, er avgjerande. Ikkje nok med kun jobb til éin.
- Arbeidstakarar som har moglegheit til å arbeide digitalt kan, i høgare grad enn før, bu der ein vil. Ein må difor tenkje meir heilskapleg på utvikling av staden for å tiltrekke seg nye tilflyttarar. Ikkje nok å tilby ein spanande jobb.
- Næringslivet på Bømlo er i omstilling. Bedriftene er meir digitale enn før, og omstillinga og utvikling av grøn teknologi påverkar type arbeidskraft bedriftene er ute etter. Bedriftene får ikkje tak i arbeidskrafta dei treng, inkludert fagfolk med akademisk utdanning, som til dømes ingeniørar



Heilskapleg blikk på tilflyttarar

- I dag har barnefamiliar ein tendens til å ligge på toppen av tilflyttingshierakiet. Dette fordi dei er store ressursar for samfunnet, og gode nettverksbyggjarar. "Alle" vil tiltrekke seg denne målgruppa, men samstundes er det den vanskelegaste gruppa å nå. I følgje forsking på tema er dei fleste mest flyttbare innan fylte 35 år, og ikkje har slått rot noko plass med born.
- Tenkjer ein berre på tilrettelegging for barnefamiliar, eller folk som har vakse opp på Bømlo, kan ein gå glipp av mange andre målgrupper som har andre behov å fylle.
- Bømloundersøkinga viser tendensar til forskjell i haldningar og kultur mellom dei som bur på Bømlo i dag, og dei som ikkje gjer det. Det er difor viktig å lytte til og tenkje på, at ein "bømling" sitt behov og syn på utvikling ikkje alltid vil vere treffande for potensielle tilflyttarar me ynskjer å tiltrekke oss.



Befolkningsutvikling og folkehelse

- I følgje FHI sitt folkehelsebarometer for 2023 for Bømlo kommune, ser ein at ungdom her ligg godt under landsgjennomsnittet på fleire punkt knytt til trivsel og livskvalitet. Dette handlar mellom anna om tema som trivsel på skulen, einsemd, mobbing og kor nøgd ungdom er med oppvekstmiljøet sitt. Det er óg fleire born på Bømlo med barnevernstiltak enn landsgjennomsnittet. Ungdom sin trivsel har direkte påverknad på om dei vert buande på Bømlo, eller kjem attende til Bømlo etter fullført utdanning.
- Nedgang i tal på personar i yrkesaktiv alder, kombinert med auka tal personar som treng hjelp og pleie, kjem til å gje oss utfordringar framover. Dette gjeld både knytt til menneskelege ressursar ein treng i helsesektoren framover, kommunen sin økonomi og tilrettelegging av bustader for eldre med meir.
- Mange som kjem til Bømlo som innvandrar vert ikkje buande. Dette gjev tap i utvikling av folketalet.

- Resultatet frå ein større arbeidsverkstad gjennomført juni 2023, viser at tilbod som finst i dei ulike lokalsentra og i kommunesenteret ikkje når alle; anten på grunn av manglande tilgjengeleight, eller manglande informasjon/invitasjon til aktivitetane.
- Tilgjengeleight (utan bil) er særleg viktig for dei unge for å kunne bevege seg meir rundt i heile kommunen, og få tilgang til dei tilboda som finst.
- Bømloundersøkinga viser at mange innbyggjarar ikkje opplever at vegar på Bømlo er godt nok tilrettelagt for gange og sykkel. Dette gjeld spesielt strekningar som vert nytta til skuleveg.
- Bømlo har generelt ein sterk bilkultur, som påverkar korleis synet er på både gange, sykkel og kollektivtilbod, dersom ein ikkje er avhengig av det.



Bilbasert og "praktiske" sentrumsområder

- Mange skildrar Svartland som slite, rotete og med for lite tilbod. Dette heng saman med at handels- og servicenæringane på mindre stader dei siste 10-15 åra, stadig har fått større utfordringar med å overleve. Det krev større omstilling av næringa, som inkluderer nye investeringar, som enno ikkje i høg nok grad er gjort i Svartland sentrum.
- Denne omstillinga handlar òg i høg grad om å gå frå å vere eit praktisk logistikkpunkt med service- og handel, til å vere eit attraktivt sentrum å besøkje og opphalde seg i. Store p-plasser tek opp uteareal, som igjen gjer at det blir få attraktive møtestadar utandørs, og for lite synergiar mellom valfrie (cafés, klesbutikkar osb.) og naudsynte tilbod (matbutikk, helsetilbod osb.)
- Kommunesenteret har utvikla seg til å bli spreidd utover eit for stor geografisk område. Dette har mellom anna resultert i for låg tettleik i funksjonsblanding, samt for lite attraktive uterom og tilhøyrande liv i sentrumskjerna av kommunesenteret.

Mangel på attraktive møtestadar, serveringstilbod og urbane kvaliteter

- Resultat frå Bømloundersøkinga viser at dei som bur på Bømlo meiner det viktigaste å jobbe med for å auka attraktiviteten på Bømlo, er satsing på fleire gode møtestadar og eit meir attraktivt serveringstilbod (cafés og restaurantar)
- Forsking viser til at stadig fleire etterspør ein kombinasjon mellom landlege og urbane kvalitetar.
- Til tross for at det finst cafés og ulike serveringstilbod på Bømlo, etterspør ein høg andel av respondentane i Bømloundersøkinga denne type tilbod. Ein bør difor kunne anta at fleire av dei tilboda som finst i dag, ikkje er attraktive nok, for mange nok ulike målgrupper.



02

Overordna satsingsområde

På dei neste sidene vert dei seks utvalde overordna satsingsområda kort presentert. Desse vil vere viktige å arbeide aktivt med, for å skape ein meir attraktiv kommune å flytte til og bli buande i. Satsingsområda er definert basert på ei samla vurdering og analyse av innsikt henta inn i kunnskapsgrunnlaget, samt LÉVA sin fagkompetanse innan by- og stadsutvikling.

Konkrete døme på oppfølging av satsingsområdet

Mobilitet

For å styrke tilgjengelegheit utan bil på heile Bømlo, er det behov for å teste nye alternative løysingar tilpassa Bømlo sin folketettleik og fysiske føresetnader. Ein bør legge særleg innsats der ein ser det er mogeleg å dekke fleire målgrupper sine behov gjennom eitt og same tiltak.

- Meir transport på vatn, øybåtar som i større grad kan kople Bømlo saman sjøveien (slik som før i tida), og sjå på strategi for kollektivtransport i Sunnhordlandsbassengen.
- Tilgjengelegheit mellom lokalsenter - teste nye løysingar, som til dømes "bygdabuss", kompiskøyring eller liknande.
- I lokalsenter og nærmiljø der folk bur, etablere fleire grøne snarvegsprosjekt, som gjer det meir attraktivt å gå og sykle lokalt.
- Sjå på satsing på mobilitet i samband med destinasjonsutvikling. Kva som kan tjene både besøkjande, arbeidsreisande og lokalbefolking på same tid.

Sentrumsutvikling

Alle lokalsenter og kommunesenter må arbeide for å bli meir robuste og attraktive i si eiga utvikling. Lokalsenter som sosial møtestad er det viktigaste, medan nødvendige servicefunksjonar og anna bruk av funksjonar bør ligge så tett på kvarandre som mogeleg, for å gjere brukarar mindre avhengig av transport i kvardagen, og skape synergiar i bruk av lokalsentera mellom dei ulike funksjonane.

- Arbeide for finmaska funksjonsblanding av tilbod og aktivitetar i kvart lokalsenter tilpassa den enkelte stad sitt potensial og utfordringar.
- Satsing på meir fysisk attraktive miljø til opphold, og skape fleire attraktive sosiale møtestadar utandørs, i tillknytting til andre funksjonar og tilbod.
- Tenkje smart arealbruk, meir sambruk og fleirbruk av funksjonar og bygg. Finne nye, gode, smarte driftsløysningar for kvar stad (samarbeid næringsliv, frivillighet, kommune)
- Skape fleire synergiar mellom kommunale tenester, kommersielle og ikkje-kommersielle tilbod.

Bustadsutvikling

Det må arbeidast med å auke variasjon i bustadtiboden på heile Bømlo, både knytt til alderstilpassing, livssituasjon og økonomi. Det må vidare sikrast at det ikkje oppstår sterke målkonfliktar mellom vern av natur og bustadbygging, då dette kan hemme Bømlo si attraksjonskraft.

- Testing av nye finansieringsmodellar i bustadmarknaden. Til dømes frå "leige til eige", kooperativmodell, nye medeigarmodellar.
- Vurdere utprøving av kombinerte hytte- og bustadfelt, for å bidra til å styrke sosialt miljø mellom fastbuande og besøkjande, og utløse realisering av tilgjengelege regulerte bustadfelt.
- Meir varierte bustadtypar og buformer (aldersvennleg, meir deling, meir sosialt, osb.). Dette kan utforskast meir gjennom pilotprosjekt og medverknad med potensielle bustadkjøparar/innbyggjarar.

Arbeidsplassar

Bømlo har i dag eit sterkt og nytenkjande næringsliv. Det er forventa at det blir skapt mange nye og spanande arbeidsplassar i komande år. Samstundes må det likevel arbeidast for ein meir variert arbeidsmarknad innan fleire næringsområdet. I tillegg bør ein også sjå på korleis Bømlo kan rigga seg for å skape fleksibilitet for folk som i høgare grad ynskjer å arbeide digitalt frå ulike stadar; enten som busett på Bømlo med jobb i byen eller motsatt. Ungdom/unge er også ei særleg viktig målgruppe i dette arbeidet.

Destinasjonsutvikling

Bømlo har alle føresetnadane med sine naturressursar, rike kulturhistorie og geografiske plassering i å lykkast med å auke attraksjonskrafta. Likevel treng Bømlo meir samarbeid på tvers, både geografisk og mellom ulike interesser, for å lukkast. Det trengs formidling av tilbod som treff rett målgruppe, og ei sterkare kommersiell satsing innan reiseliv.

Inkludering

Bømlo vert i dag opplevd som ein trygg og attraktiv stad å vekse opp. Samstundes peikar Bømloundersøkinga på, saman med erfaringar frå kommunen sitt folkehelsearbeid, at det ikkje er like lett å bli inkludert som nytiflytta. Det må difor gjerast ein brei innsats for å sikre at dei som vel å flytte hit, blir verande. Då vert også nye ressursar ei nytte for samfunnet. I tillegg bør ein ha særleg fokus på ungdom som målgruppe knytt til trivsel og inkludering.

Konkrete dømer på oppfølging av satsingsområdet

- Etablere eit nettverk av nærkontor/kontorfellesskap fleire stadar på Bømlo, som er tilgjengelege for både bedrifter og enkeltpersonar. Dette kan auke moglegheita for å arbeide i bedrifter som ikkje har kontor på Bømlo, og styrka nettverksbygging på tvers av ulike bransjar og interesser.
- Jobba taktisk med å tiltrekke seg nye tilflyttarar som bidrar til å skape ein meir variert arbeidsmarknad innan fleire bransjar enn det som er i dag (særleg innan kreative yrke, mat, servering, private helsetilbod som t.d. gynekolog, nevrolog, osb.).
- Etablere meir/tettare samarbeid med utdanningsinstitusjonar i regionen, og i dei større byane. Hensikta må vere å gje ungdom/unge gode jobbmogleheter og tettare tilknytting til det lokale næringslivet gjennom studiar, internships, sommarjobbar, lærlingplassar, traineeestillingar osb.
- Dyrke fram fleire destinasjonar som både er ein destinasjon for lokalbefolkninga på Bømlo, arbeidsreisande og andre besøkjande.
- Styrke regionalt samarbeid med Visit Sunnhordaland, og vidare utvikle digital strategi for Opplev Bømlo
- Etablere fleire alternative overnatningsmogleheter og attraktive serveringstilbod.
- Kopla formidling av den rike historia til Bømlo, naturopplevelingar og andre unike lokale opplevelingar saman i nye besøkspakkar.
- Redusere fråfall og utanforskapsblant unge på Bømlo
- Etablere kultur og fleire rutiner (utover ordførarkaffi) for å ta i mot og inkludere nye innbyggjarar i lokalsamfunnet
- Skapa fleire inkluderande møtestadar og arrangement som når fleire ulike målgrupper.
- Styrke kommunikasjon og samarbeid mellom bedrift, frivilligheit og kommune.
- Leggje enno betre til rette for at frivilligheit og bedrifter kan bidra på sin måte til eit inkluderande Bømlasamfunn. Til dømes gjennom nye tilskotsordningar eller anna støtte/tilrettelegging som senker terskelen for å bidra.

03

Personas

Kven vil me tiltrekke oss som nye tilflyttarar?

Å forstå kven som er moglege tilflyttarar til Bømlo, gjer det enklare å prioritera tiltak for stadsutvikling. Slik kan ein sikre at tilflyttarbeidet faktisk treff dei gruppene ein ynskjer å gjere kommunen meir attraktiv for.

Difor er det i arbeidet med tilflyttarstrategien definert ulike målgrupper ein særleg ynskjer å nå, og utvikla og presentert ulike personar som representerer desse. Desse skildringane blir kalla personas.

Personas er ei fiktiv framstilling av ein person basert på reelle situasjonar, historiar og innsikt frå kunnskapsgrunnlaget. Å nytte personas som verktøy i tilflyttarstrategiarbeidet, gjer det enklare å skape empati og betre forståing for målgruppa som heilskap, og deira behov. Personas skal bidra til å betre forstå ulike brukarperspektiv som grunnlag for vidare beslutningstaking og strategiarbeid.

I presentasjonen av personas er det lagt vekt på å beskrive:

Behov:

Dei funksjonelle og sosiale behova som må oppfyllast for å stimulera til bulyst og trivsel for personas.

Bidrag:

Kva kan personas eller målgruppa bidra med, som aukar livskvaliteten og har positive ringverknader på lokalsamfunnet?

Risiko:

Mogelege utfordringar som er viktig å førebyggje i stads- og tenesteutviklinga, ved å tenkje på brukaroppleveling og tiltrekkingeskraft i alle ledd.

Me gjer til slutt merksame på at Personas-ane som er busett på til dømes Moster, Finnås, Svortland osb., likesågodi kunne budd på Folderøy, Gilje og Erevik.

Personas

Utvalde målgrupper:

Her blir det presentert ei oversikt over utvalde målgrupper med tilhøyrande fiktive personar. Det finst mange andre mogelege fiktive personar som kunne representert den valde målgruppa. Personane du blir kjend med her, må difor sjåast på som representantar for ei målgruppe, meir enn konkrete personar ein skal forsøke å tilretteleggje for.

Målgruppe 1:
Unge/studentar som bur på Bømlo for ein kortare periode i samband med studiar eller trainee-stillingar.



Sindre 23 år,
singel

Målgruppe 2:
Ressurssterke pensjonistar som flyttar etter born og barneborn for å vere nærmere familie.



Unni, 72 år,
skilt

Målgruppe 3:
Vaksne med fullført akademisk utdanning som får vikariat eller prosjektstillingar på Bømlo.



Trine, 32,
sambuar

Målgruppe 4:
Mennesker som har moglegheit til å arbeide digitalt frå Bømlo.



Andrea, 28,
singel

Målgruppe 5:
Nyskilde, eller aleineforsørgjarar med born.



Ingrid, 35,
nyskilt

Målgruppe 6:
Par eller familie som ynskjer eit rolegare liv og samstundes ynskjer meir fridom til å skapa noko sjølv.



Pier, 40, sambuar
med born

Målgruppe 7:
Godt vaksne som er interessert i friluftsliv, utan born eller som har vaksne born.



Martin, 65, gift og har
vaksne born

Målgruppe 8:
Folk frå utlandet som flyttar til Bømlo på grunn av jobb. Med eller utan familie som bur i heimlandet.



Ivan, 34, gift

Målgruppe 9:
Par med akademisk utdanning med born, som er opptatt av familien. Ein eller begge har vakse opp på Bømlo.



Pernille, 39, gift med
born

Målgruppe 10:
Einslege eller del av ein familie som kjem til Bømlo som flyktning.



Ariana, 18 år, aleine

Målgruppe 1:

Unge/studentar som bur på Bømlo for ein kortare periode i samband med studiar eller trainee-stillingar.



Sindre 23 år, singel



Særleg viktige innsatsområde
for å nå Sindre si målgruppe.

Sindre har allereie reist mykje og opplevd ein stor del av verda. Han er glad i friluftsliv og likar å gå på tur. No studerer han ved Universitetet i Bergen, der han engasjerer seg i fleire studentforeiningar. Sindre er sosial og glad i festar, men han er óg oppteken av byggje karriere og delta på nettverksarrangement og konferanser for å utvide yrkesnettverket sitt. No skriv han masteroppgåva si, samstundes som han han fått eit betalt internship (relevant jobb) ved sida av studiane i ei lokal bedrift på Bømlo. Difor har han flytta til Bømlo for å vere nær arbeidsgjevar for ein periode.

- | | | |
|--|---|---|
| Behov <ul style="list-style-type: none"> • Rimeleg leigebustad • Billeg transport til og frå arbeidsgjevar • Moglegheiter for å reise og utforske resten av regionen • Møtestadar og arrangement der han kan treffe andre på same alder • Ein fysisk plass der han kan arbeide med studiane saman med andre studentar • Moglegheiter for å treffe potensielle framtidige arbeidsgjevarar og faglege arrangement | Bidrag <ul style="list-style-type: none"> • Engasjement i planlegginga av sosiale arrangement og aktivitetar • Ta andre deltidsjobbar, vikariat og bidra med arbeidskraft i samfunnet • Potensiell tilflyttar på meir permanent basis om han trives | Risiko <ul style="list-style-type: none"> • Berre knytt til arbeidsgjevar, bidrar ikkje med ringverknader i samfunnet elles • Manglar stader å treffe andre på same alder og mistrivst i kommunen • Byggjer berre CV, og flyttar dersom noko anna relevant dukkar opp |
|--|---|---|



Målgruppe 2:

Ressurssterke pensjonistar som flyttar etter born og borneborn for å vere nærmere familie.



Unni, 72 år, skilt



Særleg viktige innsatsområde
for å nå Unni si målgruppe.

Unni flyttar til Bømlo for å vere nærmere borneborna sine, som flytta dit saman med foreldra for eit par år sidan. Ho har alltid vore ei sosial og sjølvstendig dame, særleg etter at ho og mannen vart skilt for mange år sidan. Ho har alltid hatt mange venninner rundt seg. Ho er ein pensjonert cellospelar og er på ingen måte klar for ein kjedeleg pensjonisttilværelse. Ho har alltid budd midt i Bergen og tok aldri førarkortet.

- | | |
|---------------|--|
| Behov | <ul style="list-style-type: none"> • Ynskjer ein liten bustad utan for mykje vedlikehald, utan å binde seg til eit dyrt huslån • Nære relasjonar/naboar for å motverke einsemd • Bu ein stad med god kollektivdekning, eller andre tilsvarande løysingar • Nærleik og enkel tilgang til naudsynte funksjonar og møtestadar |
| Bidrag | <ul style="list-style-type: none"> • Moglegheit til å engasjera seg og bidra positivt til lokalsamfunnet • Potensiell brukar av lokale møtestadar / barneevakt slik at foreldra kjem seg ut • Potensiell kunde for alternative mobilitetsløysingar • Ressurs inn i skule- og aktivitetstilbod med si spissa og lange erfaring/kompetanse |
| Risiko | <ul style="list-style-type: none"> • Det finst ikkje alternative mobilitetsløysingar - blir avhengig av andre for å komme seg rundt • Familie kjem ikkje så ofte på besøk grunna utrygge sykkel- og gangforbindningar • Det er få stader i nærleiken der ho bur, der ho kan treffe andre og bygge relasjonar • Isolasjon og einsemd gjer at ho flyttar frå Bømlo |

Kl. 16.00 Gjestehamna har god avtale med Bømlo taxi som samlar kafégjestar som er tilreisande og skal med same båt til Bergen. Unni hiv seg med her.

Kl. 14.00 Møter ho venner ved Kulleseidkanalen. Ein tidleg middag i det utvida kafétilbodet på gjestehavna.

Kl. 13.00 Skulebuss køyrer 10. klasse frå Hillestveit til felles samling på kulturhuset. Unni får sitje på til kanalen.

Kl. 11.00 Går innom Bygdatunet og tek ein kaffi i den nye spanande kaffibaren. Ho likar at det er unge som driv den.

ESPEVÆR

BERGEN

17.00
Unni skal ta båten til Bergen for å reise på konsert med gamle venner.

RUBBESTADNESET

BREMNES

Unni bur på Moster i ein liten bustad i eit aldersvennleg kooperativ. Her bur det og nokre studentar som hjelper ho med småtenestar i byte mot at ho betalar litt meir enn dei i felleskostnadar.

MOSTER

FINNÅS

08.00 Tek "pendlarbåten" til Langevåg.

LANGEVÅG

Kl. 09.00 Underviser Unni i Musikk på Hillestveit skule. Det er ei ny ordning der pensjonistar er gjesteundervisarar i nokre fag.

Målgruppe 3:

Vaksne med fullført akademisk utdanning som får vikariat eller prosjektstillingar på Bømlo.



Trine, 32, sambuar



Særleg viktige innsatsområde for å nå Trine si målgruppe.

Trine har flytta til Bømlo fordi ho har fått tilbod om eit legevikariat ved Bremnes Legesenter. Ho er frå Hidra, men har budd i Bergen med sambuar sidan ho starta på legestudiet. Trine har jobba i 6 år, og ynskjer no ein pause frå det travle bylivet i Bergen. Ho har alltid drøymt om å bu nær sjøen att, slik ho gjorde då ho vaks opp. Trine drøymer om rolegare omgjevnadar og ein stad der ho kan ha hund og kome seg meir ut i naturen. Ho har leigd ut leiligheta si i Bergen, og har difor gode leigeinntekter, som gir eit godt grunnlag for å få tilgang til den bustaden ho ynskjer seg på Bømlo. Trine er usikker på framtidssplanane sine når vikariatet er ferdig, så ho vil vente med å investere i noko meir permanent.

- | | |
|---------------|---|
| Behov | <ul style="list-style-type: none"> • Legebustad med tilgang til uteareal • Bu nær jobben, samtidig bu nær sjø og natur • Gode serveringsstader og tilgang til nokre butikkar og møtestadar • Hundemiljø, ynskjer å skaffe seg hund • Godt arbeidsmiljø på arbeidsplassen, og moglegheit til å bygge sosialt nettverk der • Foreiningar og aktivitetar ho kan delta i utanfor jobb |
| Bidrag | <ul style="list-style-type: none"> • Viktig bidragsytar til det faglege miljøet på jobben • Vil mest truleg melde seg inn i lokale foreiningar for å bygge nettverk, som til dømes ein hundeklubb • Kan potensielt velgje å etablere seg, og etterkvar stifte familie på Bømlo, om ho trives |
| Risiko | <ul style="list-style-type: none"> • Det finst ingen legebustader som svarar til hennar behov • Det er vanskeleg å skape relasjonar utanfor jobb, då det ikkje finst organiserte grupper som deler interessene hennar. • Ho er van med å ha lett tilgang på urbane tilbod, og det som finst av tilbod på Bømlo er ikkje tilstrekkeleg for ho |



Målgruppe 4:

Menneske som har moglegheit til å arbeide digitalt frå Bømlo.



Andrea 28, singel



Særleg viktige innsatsområde
for å nå Andrea si målgruppe.

Andrea har jobba i Oslo i 3 år som grafisk designar. Ho tek óg frilansoppdrag som fotograf, og har mange følgjarar på Instagram. Studiemiljøet hennar er no spreidd rundt forbi i landet, og ho saknar nære relasjonar rundt seg. Ho trur at det å komme nærmare familien på Bømlo vil vere godt for ho ei stund. Ho er fleksibel i arbeidssituasjonen sin, og kan fint arbeide heimefrå, så ho treng ikkje slutte i jobben. Ho er ein kreativ person og ynskjer å vere i miljø som inspirerer henne. Ho er ein globetrottar og likar å reise til destinasjonar over heile verda. Ho tek jobben med seg på reiser av og til, og er tilknytta det globale digitale nomade-nettverket. Ho er van til å bli kjend med nye menneske raskt. Elles likar ho å finne roen i naturen, særleg gjennom vinterbadning og badstu. Ho flyttar til Bømlo for å få ein betre balanse mellom jobb og fritid, meir romsleg økonomi til å reise meir, og komme nærmare familie og nettverket frå barndommen.

- | | Behov | Bidrag | Risiko |
|---|---|--|--------|
| • Ein liten bustad i naturskjønne omgjevnader som kan leigast ut når ho reiser | | | |
| • Tilgang til eit kreativt kontorfellesskap som ho kan nytte når det passar | | | |
| • Moglegheit til å utvide nettverket sitt med andre med liknande interesser på Bømlo/regionen | | | |
| • Moglegheit til å invitere vene frå heile verda på besøk, der ho óg treng gode overnattingsmoglegheitar for dei. | | | |
| | • Gjennom sitt kreative arbeid kan ho promotere eller marknadsføre Bømlo for eit stort publikum | | |
| | • Bidra til å etablere møtestadar knytta til natur, naturkvalitetar | | |
| | • Ressurs i oppbygginga av kreative fellesskap for små bedrifter | | |
| | | • Det manglar passande bustader som samsvarar med behovet | |
| | | • Det manglar stader å møte gamle og nye vene | |
| | | • Omgjevnadene vert oppfatta som lite inspirerande, både personleg og profesjonelt | |
| | | • Bømlo-oppaldet blir kortvarig, og ho flyttar raskt vidare | |

kl. 0800 Bur i Brandasund i eit mikrohus. Huset er ein del av ei lita husklynge der også turistar kan leige seg inn. Startar dagen med heimekontor.

kl. 16.30 Andrea køyrer frå arbeid og er nøgd med at ho slepp å eige eigen bil og kan booke el-bilen som dei har spleisa på i kontorfellesskapet.

kl. 1200 Ved lunsjtider stikk ho ned til det kreative kontorfellesskapet som er nyoppstarta i Urangsvågen. Ho leier ei befaring, ho er engasjert i å få etablert ei badstu her for fellesskapet som kan leigast ut.

BREMNES

RUBBESTADNESET

FINNÅS

MOSTER

kl. 20.00 Andrea tek seg ein køyretur sørover. Ho ynskjer å få med seg solnedgangen ut mot havet og rekk den akkurat. Tek nokre fine bilete som ho legg ut på instagramkontoen sin.

LANGEVÅG

ESPEVÆR

Målgruppe 5:

Nyskilde, eller aleineforsørgjarar med born.



Ingrid, 35, nyskilt



Særleg viktige innsatsområde
for å nå Ingrid si målgruppe.

Ingrid er nyskild med eitt born, og ynskjer å starta på ny på ein ny stad for å leggje til rette for ein god oppvekst for dottera si på 5 år. Ho er introvert, men glad i menneske. Ho har noko arbeidserfaring innan administrasjon, og sökjer no etter ein fast og trygg jobb med føreseielege arbeidstider, og så god inntekt som mogleg. Dette vil gje ho ein stabil økonomi og moglegheit til å skape ein trygg heim for dottera. Ho har særleg interesse for kunst og handverk, og på fritida brukar ho tida si på å veve tepper og skape tekstilkunst. Ho flyttar til Bømlo for å få ein ny start i eit roleg og trygt lokalmiljø.

- | Behov | |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Rimeleg bustad ho kan leige, med moglegheit for investering på sikt med éi inntekt • Ein fast og trygg jobb med gode arbeidstider nær bustaden og skulen til dottera • Ynskjer å bu nær skule og fritidstilbod for å unngå mykje logistikk og transport med dottera • Aktivt og lett tilgjengeleg foreningsliv, både for seg sjølv og dottera • Ein uformell arena der ho kan treffa andre med same interesser som henne | |
| Bidrag | |
| <ul style="list-style-type: none"> • Brukar lokale tilbod og møtestadar flittig for å bli kjend med nye folk • Engasjerer seg i lokale organisasjonar og foreiningar som passar for ho • Bidreg på skulen med kunnskap og ferdigheter ho har • Deltar på arrangement og aktivitetar der dottera er involvert, som camp-ar, 17. mai-feiring og julekonserter | |
| Risiko | |
| <ul style="list-style-type: none"> • Dottera trivst ikkje på skulen, eller får ikkje vener • Ho får ikkje ein jobb ho trivst i • Ho blir ikkje integrert i lokalmiljøet, og føler seg einsam utan partnar og vene • Ein liten leigebustadmarknad, og ingen leilegheitar som passar for livssituasjonen hennar | |



KI. 10.00 Ingrid leiger eit rekkehus i et veletablert nabolag på Bremnes. Her bur det mange andre familiær. I kveld har Ingrid planer så dottera skal sove over hos nabofamilien som har born i samme klasse.

KI. 1900: Ingrid har møtt ein fin fyr gjennom sitt engasjement i Skaparstova. Dei har avtalt å gå på konsert på Kanalen i kveld.

KI. 12.00 Ingrid har engasjert seg i Skaparstova som ligg i det gamle biblioteket der ho skal halde eit kurs i tekstilkunst for både born og vaksne idag.



Målgruppe 6:

Par eller familie som ynskjer eit rolegare liv, og samstundes ynskjer meir fridom til å skapa noko sjølv.



Pier, 40, sambuar med born.



Særleg viktige innsatsområde for å nå Pier si målgruppe.

Pier har budd i Marseille heile livet saman med kona Marie og deira born. Dei er begge eventyrlystne og hardtarbeidande. Han er bakar og lidenskapleg oppteken av sitt handverk. Ho har jobba med marknadsføring og kommunikasjon i mange år. Begge har kome til eit punkt i livet der dei ynskjer meir fridom i kvardagen og vil bygge opp noko sjølv. Under ein bilferie forelska dei seg i det vestlandske kystlandskapet og dei rolige, idylliske omgjevnadane. Sidan den gong har dei leita etter ein passande stad å realisere draumen sin.

Behov

- Eit lite småbruk
- Treng nettverk innanfor mat- og serveringsbransjen og informasjon om korleis Pier kan starta eiga verksemd i Noreg
- Eit lokalmiljø som støttar opp om lokale produkt, både bedrifter/restaurantar og privatpersonar
- Tilgang til dei største byane for å oppleve kultur, og få nye matopplevelingar som kan inspirere han
- Arena der han kan bli kjend med andre som driv med det same, og arena der han kan promotere eigne produkt
- Heile familien treng å lære språket og bli kjend med norsk kultur
- At borna hans finn dei fritidsaktivitetane dei ynskjer å vere med på, og blir godt mottekte på skulen og i nærmiljøet

Bidrag

- Etablere ei ny bedrift som styrkar nettverket for lokal matproduksjon på Bømlo
- Gjennom bedrifta bidra til nye matopplevelingar, serveringstilbod, arbeids- og møtestadar
- Tilby kurs, til dømes knytta til mat og mattradisjonar frå Frankrike
- Skape moglegheiter for støttebedrifter/-tilbod, til dømes overnattingstilbod eller utleige av rom til studentar eller andre som ynskjer eit lengre opphold på Bømlo

Risiko

- Ein eller fleire i familien trivst ikkje på jobb eller skule
- Pier får ikkje skikkeleg gang på bedrifta, og har difor ikkje nok inntekt
- Kona til Pier får ikkje jobb på Bømlo
- Kulturforskjellen blir for stor, og det blir vanskeleg å bli godt integrert i lokalsamfunnet
- Saknar familien og vene i Frankrike for mykje

Kl. 04.00 Pier og kona bur på eit lite småbruk på Meling. Dagen startar tidleg for ein bakar, og kl. 0630 kjem det ein lokal budbil som kører dagens bakst rundtom til kafear i lokalsentra og til bedrifter som er medlem i det nye lokale matnettverket på Bømlo.

Kl. 15.30 Pier møter resten av familien på kaféen på kulturhuset, der har dei billige gode supper som dei kan ete før språkopplæring og lekselesing startar her.



Kl. 11.00 Pier held eit lite kurs for dei tilsette på Viergo i hans franske baketeknikkar. Han har også fått hjelp herifrå på garden og er glad for samarbeidet. Han likar særleg den sosiale profilen til Viergo.

Kl. 13.30 Køyrrer til Moster for eit spennande møte om samarbeid med drivaren av Mostrahuset. Dei diskuterar restaurantkonsept der i kopling til den totale "kulturopplevinga" som lokalmiljøet på Moster jobbar med.

Målgruppe 7:

Godt vaksne som er interessert i friluftsliv, utan born eller som har vaksne born.



Martin, 65, gift og har
vaksne born



Særleg viktige innsatsområde
for å nå Martin si målgruppe.

Martin er oppvaksen i Stavanger og har budd her heile sitt vaksne liv saman med kona si og to born i ein einebustad. Borna har nyleg flytta heimanfrå, og ekteparet ser no etter ein stad og ein bustad der dei kan bu resten av livet. Dei har ein stabil og god økonomi. Martin kjenner på midtlivskrisa og er difor på jakt etter nye aktivitetar som kan gje mening og spenning i livet. Han har alltid hatt interesse for friluftsliv, og har nyleg oppdaga havkajakk, der han har investert i ein high-end kajakk. Martin jobbar som møbelsnekkar og har tilbrakt feriane sine på Espevær i alle år, sidan besteforeldra hans budde der. Han eig eit naust her saman med nokre andre slektingar, som han har arva frå besteforeldra, og har brukt mykje tid opp gjennom åra på å restaurere og gjøre det klart til bruk som ei rorbu.

- | | | |
|--|---|---|
| <p>Behov</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ein ny bustad, lettstelt leilighet med fellesfasilitetar og moglegheit for god lagringsplass • Bu tett på eit sentrum, med kort avstand til daglegvarebutikk og andre daglege gjerningar • Tilgang til selskapslokale som kan leigast for festlege anledningar, og overnattingsmogleigheter når vene og familie kjem på besøk frå byen • Godt treningstilbod innandørs om vinteren • Klubb og fellesskap innan den aktive livsstilen hans, som han kan vere ein del av, og engasjere seg i | <p>Bidrag</p> <ul style="list-style-type: none"> • Moglegheit til å bidra i lokalsamfunnet • Starte initiativ knytt til miljøvennleg mobilitet på vatn i lokalsamfunnet, og engasjere seg mellom anna i opninga av ny kanal mellom Eidesvikg og Langevåg • Etablere eit nytt friluftstilbod. Gje unge moglegheit til å prøve, eller få arbeidserfaring, knytt til dette • Utvide aktivitetstilbodet retta mot turistar, ved å marknadsføre Bømlo som ein kajakk- og friluftslivsdestinasjon, med alle naudsynte støttefunksjonar som kajakkutleige, kurs med meir. | <p>Risiko</p> <ul style="list-style-type: none"> • Mangel på bustader tilpassa eit livsløsperspektiv og behova til Martin • Partnaren finn ikkje sin plass, har vanskar med å bygge relasjonar og opplever at tilbodet er avgrensa • For stort sakn etter urbane kvalitetar, og overgangen til distriktet blir for stor |
|--|---|---|


kl. 18.00 Martin lagar middag til både kameratane frå Stavanger og damene deira, og bestemmer seg for å overnatte i rorbua til søndagen saman med kona.

kl. 12.30 Møte om den nye kanalen som han sterkt ynskjer etablert frå Eidesvik og inn til Langevåg. Dette er eit stort prosjekt han er stolt av å ha sparka i gong, og som har skapt stort engasjement både på Espevær og Langevåg.

14.30 Han møter dei andre i kajakkgruppa for ein tur i det friske vårværet. Han synest det er kjekt at gamle kameratar frå Stavanger òg har begynt å kome til Espevær i helgane for å padle.



12.00 Han tek skyssen til Espevær saman med eit par andre frå Langevåg som skal i møte.



ESPEVÆR

11.50 Sykler til Eidesvik for å reise til Espevær.

BREMNES

RUBBESTADNESET

FINNÅS

MOSTER

LANGEVÅG

09.00: Martin bur i ein liten terrasseleilegheit midt i Langevåg, i sjøkanten. Her har han god plass med alle fellesareala som han og kona deler med dei andre bebuarane, utanom eigen leilegheit. Han starta dagen med å stikke bort på skulen i den nye fellesverkstaden til tur- og sogelaget for å snekra litt på nokre kafébord som Bygdatunet har bestilt.

Målgruppe 8:

Folk frå utlandet som flyttar til Bømlo på grunn av jobb. Med eller utan familie som bur i heimlandet.



Ivan, 34, gift



Særleg viktige innsatsområde
for å nå Ivan si målgruppe.

Ivan er utdanna innan leiing og forretningsutvikling, med spesialfelt innan digitalisering, er gift og har jobba nokre år i heimlandet. No søker han nye utfordringar, og ein betre betalt jobb. Ivan er nysgjerrig og open for å prøve nye ting, og han er interessert i ulike kulturar. Han bryr seg om å halde seg i fysisk form og ynskjer å utforska norske utandørsaktivitetar som fotturar og fjellturar. Han har blitt rekruttert og fått eit jobbtilbod på Bømlo gjennom sitt internasjonale nettverk frå studie i USA. Stillinga verkar spennande, og er i ei bedrift i vekst med god løn. Han flyttar aleine til Bømlo, og om han ikkje trivst har han uansett fått bygd seg kompetanse, og tjent ein del pengar.

- | | | |
|--|---|--|
| <p>Behov</p> <ul style="list-style-type: none"> • Legebustad nær arbeidsstaden. Etterkvart kanskje ein større familiebustad i eit tun eller liknande dersom han vel å stifte familie her saman med kona si frå Polen. • Norskopplæring og introduksjon til staden og moglegheitane som finst her • Eit godt og sosialt arbeidsmiljø, gjerne internasjonalt, og stader der ein kan bli kjende med naboane • Gruppeturar og arrangement som han kan delta på over heile Bømlo og i resten av regionen | <p>Bidrag</p> <ul style="list-style-type: none"> • Viktig ressurs på arbeidsstaden, både fagleg og sosialt • Kan bli ein bidragsytar til å integrere nye utanlandske tilflyttarar, då han sjølv har opplevd å vere ny, og er god i engelsk etter studiar i USA • Med sin fagbakgrunn kan han bli fadder for lokal ungdom som treng støtte til skule og utdanning • Mogleg framtidig permanent tilflyttar, der han og tek med seg kona og stiftar familie | <p>Risiko</p> <ul style="list-style-type: none"> • Får ikkje tilstrekkeleg norsk opplæring • Føler seg utanfor på grunn av kulturelle skilnadar • Lite aktivitetar som vert arrangert, og for få tilbod. Han opplever det sosiale miljøet som lukka • Kona ynskjer ikkje å flytte til han då det ikkje verkar attraktivt nok for ho å forlate familie og vener i heimlandet |
|--|---|--|



Målgruppe 9:

Par med akademisk utdanning med born, som er opptekne av familien. Ein eller begge har vaks opp på Bømlo.



Pernille, 39, gift med born



Særleg viktige innsatsområde for å nå Pernille si målgruppe.

Pernille er fødd og oppvaksen på Bømlo, og er gift med Håvard. Dei har to små born saman. Pernille og Håvard møttes under studiane i Oslo, der dei no har budd i 15 år. Begge har tatt universitetsutdanning og har godt betalte jobbar. Pernille er glad i å engasjere seg, både i jobben og i borna sin oppvekst. Ho er ikkje redd for å seie kva ho meiner. No byrjar dei å vekse ut av leilegheita i Oslo, og ho ynskjer å flytte nærmare familien på Bømlo. Motivasjonen deira er å gje borna den same trygge oppveksten som ho sjølv hadde på Bømlo.

Behov

- Ein romsleg familiebustad, enten i eit nytt tun eller eit byggjefelt med nabobar rundt, men framleis med god plass for familien
- Trygge skulevegar og eit godt skuletilbod for borna
- Kollektivtilbod og andre løysingar som gjer at ho ikkje treng å køyre borna langt avstad til fritidstilbod som ikkje finst i lokalsenteret der dei skal bu
- Gode serveringstilbod og nokre utvalde favorittbutikkar
- Lokale kulturtilbod
- Konkuransedyktig løn, både for ho og mannen
- Ein spanande jobb, sjølv om dette ikkje er det viktigaste motivet for å flytte

Bidrag

- Bidreg til oppstart av nye fritidstilbod både for born og vaksne, basert på hennar og borna sine interesser
- Er ein fagleg ressurs i bedrifta ho arbeider i, og engasjerar seg høglytt i politiske saker som handlar om utviklinga av næringslivet på Bømlo, og trygg oppvekst for borna sine.

Risiko

- Det finst ikkje ein attraktiv og variert nok arbeidsmarknad som gjer at begge kan få godt betalte og interessante jobbar.
- Gammaldagse tankesett som er prega av at menn set i førarsetet kan føre til at Pernille sitt engasjement brenn ut, då ho ikkje får med seg folk på ideane og engasjementet sitt
- Borna finn seg ikkje til rette på skulen og saknar byen



kl. 14.00 Pernille er i møte med Bømlo Næringsråd. Ho har meldt seg som representant for arbeidsplassen til å vere med å starte opp nytt prosjekt knytta til framtidas arbeidsplass.

RUBBESTADNESET

BREMNES

kl. 15.00 Pernille stikk innom sportsbutikken og kjøper nokre nye treningsklær til borna før ho kører heim igjen.

kl. 15.30 Pernille kører innom småbruket på Meling på vei heim og får med seg mykje godsaker til ho venta helgebesök.

FINNÅS

MOSTER

kl. 13.30 Pernille kører til møte i den nye delebilen til jobben. Det er fint sidan mannen hennar jobbar på Stord og har familien sin bil.

kl. 17.00 Pernille har engasjert seg i dottera si interesse for dans, og idag har ho time med Langevåg si nye dansegruppe på Bygdatunet.

kl. 09.00 Pernille sykler til jobben på Langevåg.

ESPEVÆR

kl. 08.00 Pernille bur med familien i ein større einebustad på Langevåg. Denne fekk dei kjøpt på ei fantastisk tomt av eit eldre ektepar. Borna sykler til skulen sjølv og et middag hos besteforeldra etter skulen.



Målgruppe 10:

Einslege eller del av ein familie som kjem til Bømlo som flykting.



Ariana, 18 år



Særleg viktige innsatsområde
for å nå Ariana si målgruppe.

Ariana flyktar frå Ukraina på grunn av den politiske konflikten og uroa i heimlandet sitt. Ho søker tryggleik og ein ny start på Bømlo, der ho treng ein stabil og rimeleg bustad, språkopplæring, utdanning og arbeidsmoglegheiter. Ho saknar familien sin som blei att i heimlandet. Ariana set pris på den rike kulturen og historia frå Ukraina, spesielt musikken og maten. Ho har ein lidenskap for å lage tradisjonell ukrainsk mat, og drøymer om å dele smakane og kulturen frå heimlandet sitt med lokalsamfunnet. Samstundes er Ariana oppteken av å lære om norsk kultur og ynskjer å bli godt integrert.

- | Behov | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Rimeleg leigebustad • Billig transport til og frå arbeidsgjevar/skule • Møtestadar og arrangement der ho kan treffen andre på same alder • Lære språket og bli kjend med norsk kultur. • Tryggleik og nytt sosialt nettverk | |
| Bidrag | |
| <ul style="list-style-type: none"> • Bidreg inn i friviligheitsarbeid og bidreg etterkvart òg med integrering av andre flyktningar • Ved dugnad bidreg Ariana med sin lidenskap for ukrainsk mat, som gjer andre moglegheit til å smake nye kulinariske opplevelingar • Brubyggjar mellom flyktningar og utanlandske tilflyttarar og befolkninga på Bømlo | |
| Risiko | |
| <ul style="list-style-type: none"> • Får ikkje tilstrekkeleg norskopplæring • Føler seg utanfor som følgje av kulturelle skilnader • Lite aktivitetar som vert arrangerte, for få tilbud, og ho opplever det sosiale miljøet som lukka • Økonomiske utfordringar som gjer at tilbod ikkje er tilgjengeleg for ho • Ventetid og får ikkje tilstrekkeleg behandling og oppfølging for sine traumar | |

kl. 14.00 Tek buss til Bremnes for å bruke kulturhuset til å møte andre ho har blitt kjend med gjennom språkopplæring og skule. Ariana håpar å kome inn på kokkelinja på Fitjar neste år, men må først trene litt meir på norsken.



kl. 16.00 Treff mentoren sin som er drivaren bak ein ny kafé på Svortland. Der diskuterer dei felles interesse for matkultur og mentoren hjelper ho litt med søknader om både NAV-støtte og samordna opptak til skuleplass neste år.

kl. 05.30 Ariana bur i eit kollektiv på Rubbestadneset med to andre jenter fra Bremnes og Stord. Ho trivst godt med sine nye venner, men saknar familien.

kl. 06.00 Ariana er tidleg på jobb fordi ho har fått seg ein assistentjobb på hotellet på Rubbestadneset i oppvasken på kjøkenet. Ariana hjelper til med frukost til hotellgjester denne morgonen.

kl. 17.30 Mentoren kører ho heim igjen til Rubbestadneset.

FINNÅS

MOSTER

LANGEVÅG

ESPEVÆR

Personas

Korleis bør ein starte å prioritere i satsinga på å nå ut til dei ulike målgruppene?

Det vil vere viktig å arbeide aktivt med alle anbefalte innsatsområde framover for å skape auka interesse for tilflytting til Bømlo. Ein kan òg studere nærmare dei einskilde målgruppene sine behov, der ein får ein oversikt over kva som skal til for at den aktuelle målgruppa vil vurdere flytting og bli verande på Bømlo. Under er det gitt eit frampeik på kvar ein kan starte, og kven som kan vere enklast å nå ut frå situasjonen i dag. Det er óg viktig å vere bevisst på at nokre av målgruppene som er vanskelegare å nå, kan vere avgjerande å nå fordi dei kan vere ressursar for å nå andre grupper att. Difor bør ein arbeide med alle målgruppene parallelt.



Sindre og Andrea høyrer til den unge målgruppa som flyttar til byane/bur i byane. Desse målgruppene har ein del krav som ikkje er tilfredsstilt på Bømlo i dag. Her kan det difor vere aktuelt som strategi å finne nokre representantar for Sindre og Andrea, som kan fungere som "bjellesauer" for å tiltrekke seg fleire.



Trine, Ingrid og Martin som tilhøyrer målgruppe 3, 5 og 7, er definert med minst krav til å flytte i høve til situasjonen i dag, samanlikna med dei andre målgruppene. Difor kan desse vere særleg aktuelle å starte med å tiltrekke seg.



Ariana og Ivan si målgruppe finst, og vil komme fleire av til Bømlo framover. Krav i forhold til situasjonen i dag er heller ikkje så høge, men her er det avgjerande å leggje tilhøva til rette, slik at dei blir.




Pier m/familien finst det ikkje mange av som målgruppe, men framover kan denne målgruppa auke, særleg med tanke på klimaendringar i Europa og verda elles. Her vil det vere avgjerande å vere ein god tilretteleggjar for målgruppa, slik at dei blir verande og får realisert draumar dei har.



Pernille si målgruppe har mange av behova ho leitar etter oppfylt på Bømlo i dag, men forsking peiker på at ho er vanskeleg tilflyttar å få tak i, fordi familien er etablert ein annan stad. Pernille kan òg nåast seinare, med færre krav, når Pernille sine born flyttar ut, og Pernille er 45-50 år.

04

Korleis kan kvart lokalsenter og kommunesenter styrkast for å gjere det meir attraktivt å busetje seg på Bømlo?



Frå enkeltståande lokalsenter til eit nettverk av sterke lokalsenter, med eit attraktivt og levande kommunesenter!

For å kunne sikre at lokalsentra me har på Bømlo vert opplevd som attraktive, og har tilboda innbyggjarane treng og ynskjer, er det særleg viktig å sjå nyansert på kvart lokalsenter sine potensial og utfordringar.

Ingen lokalsenter er like, og alle har sine kvalitetar å byggja på. Alle lokalsentra i kommunen skal kunne lene seg på og ha kommunesenteret som hovudsentrums. I Bømloundersøkinga har innbyggjarar svara på korleis ein opplever sitt nærmiljø, kva ein saknar og kva som er unikt. Dette, sett i samanheng med dei strukturelle føresetnadane kvar stad har og statistikk frå SSB, gjev eit godt grunnlag for å seie noko om kva kvar stad bør fokusere særleg på framover.

I det neste kapittelet tek me føre oss kvart enkelt lokalsenter og kommunesenteret, og gjer nokre konkrete tilrådingar på kva kvart senter har å løyse av overordna utfordringar, og kva som kan gjere dei einskilde sentra meir attraktive, velfungerande og levande. I kvart sentrum vert det peika på Naudsynte funksjonar (t.d. arbeidsplassar, daglegvarebutikk), valfrie funksjonar (t.d. frisør, klesforretning) og offentlege bygg/institusjonar (t.d. skule, barnehagar).

Dette kapittelet byggjer på dei overordna satsingområda, og detaljerer særleg oppfølging av innsatsområda som heiter sentrumsutvikling. Dette skal kunne fungere som eit underlag for å leggje meir heilskaplege framtidige planar og strategiar for dei einskilde sentra.

”Bømlingane må sjå at me må tenkja kommune framfor bygd, og samla ressursane slik at dei vert bærekraftige. Hvis me skal oppleve positiv vekst må me samla ressursane, ikkje sitje i kvar vår bygd.”

- Mann, 60-69 år
Bømloundersøkinga



Utan at befolkninga blir meir samla kan det ikkje utviklast positivt
- Kvinne, 30-39 år,
Bømloundersøkinga



Lokalsenter på Bremnes og kommunesenter Svartland sentrum

Dagens situasjon og utfordringsbilete:

- Offentleg transport, gong-, og sykkelvegar som tilkomst til Svartland sentrum frå Bremnesområdet er peika på som faktorar ein ikkje er nøgd med. Dårleg veg, trafikkfarleg.
- Dårlege interne forbindingsar på Bremnes
- Bilbasert, slitt og manglar fysiske oppgraderinger rundt Bømlo Storsenter.
- For få attraktive tilbod i ein samanheng
- Splitta sentrum mellom HSD-senteret og Storsenteret utkonkurrerer kvarandre meir enn å spele på lag
- For stor geografisk utstrekning av sentrum, spredte tilbod
- Næringsverksemder har spreidd beliggenheit (SSB). Manglar større volum av arbeidsplassar i sentrumsområdet.
- Mangel på eldrevennlege bustader med ekstra støtte til å bu lengre heime.
- Mangel på delebustader og kollektiv for både unge og eldre.
- Mangel på sterke attraksjonar utover å vere eit "vanleg" kommunesenter med handel- og servicetilbod.
- Bremnes er ein av stadane der ein opplever minst fellesskap og tilknytting. Det er óg peika på ein del baksnakkning.
- Ikkje nøgd med sosiale møtestadar.

Mobilitet



Sentrumsutvikling



Arbeidsplassar



Bustad



Destinasjonsutvikling



Inkludering



Kvalitetar og framtidige moglegheiter


- Knutepunkt, Svartland terminal - koblingar både innad, i og ut av Bømlo.
- Potensiale for nokre fleire bilfrie sonar i sentrum og meir attraktive gå- og sykkelforbindingar. Særleg kopling til VGS og mellom handlesentera.
- Historisk kommunesentrum - har ein verdi i seg sjølv.
- Offentlege servicetilbod pga. kommunesenter - frivillighetssentral, andre kommunale tilbod
- Kulturhus og Storavatnet som kvalitetar å spele på for å auka attraktiviteten.
- Ganske variert næringsliv/arbeidsplassar (SSB) samanlikna med resten av Bømlo.
- Meir variasjon i bustadtypar enn elles på Bømlo (72% einebustader, 19%rekkehus, 1% blokk, 8% anna (SSB))
- Bebyggelse nokså konsentrert rundt tilbod/funksjonar
- Bømlo Storsenter
- Kulturhus
- HSD handlesenter
- Noko historisk bebyggelse som kan auke attraksjonsverdi
- Mange opplev at dei i høg grad kan leve eit godt liv med aktivitetar rundt seg lokalt på Bremnes.
- Med ein høgare tettleik av menneske og fleire varierte tilbod vil ein anta at det er enklare å finne seg vener og tilbod å delta på. Her spelar både kulturhus, Bømlohallen og andre varierte fritidstilbod ei viktig rolle.

Frå handels- og servicesenter til attraktivt og levande kommunesenter!

Gjennom dei siste 10-15 åra har handelssenter gått frå å vere logistikkpunkt for naudsynt handel og service, til å skulle tilby meir unike opplevingar og fungere som møtestadar. Kjøpesenter har mange stader mista si attraksjonskraft, i sterk konkurranse til bysenter og netthandel. I byane ser ein auka endring av bruk av sentrumsområde og hensikt med besøk. I den samanheng ser ein auka etterspurnad etter fleire og meir attraktive serveringstilbod og kulturopplevingar. Dette har resultert i at bruk av uteareal har betydeleg endra behova frå å vere reine parkeringsareal tilknytt handel, til å skulle tilby meir attraktive oppholdsmoglegheiter utandørs. Høgare krav til kvalitet på mat, servering og kvalitet på fysiske omgjevnader er meir i fokus enn tidlegare. Desse trendane er stadfesta til å vere gjeldande for Bømlo i Bømloundersøkinga.

Utfordringa i dag for Svortland sentrum, er i høg grad at ein ikkje har fulgt med i denne utviklinga, samstundes som ein har fått tøffare konkurranse med både regionssenter på Stord og netthandel. For å lukkast med eit framtidsretta og levande kommunesenter, vil det difor vere avgjerande at ein arbeidar med å få inn kvalitetane og tilboda nemd over. Ein må våge å seie nei til strategiske etableringar som er utanfor ei tydeleg sentrumsavgrensning, og laga denne avgrensninga for sentrumskjernen slik at den er dimensjonert i geografisk utstrekning som passar til antall besøkjande og innbyggjarar på Bømlo. I dag er den alt for stor. Svortland sentrum strekkjer seg over ein like stor avstand som Stavanger sentrum, medan folketallet tilsvarar kun 10% av det Stavanger kommune har. Det vil difor ikkje vere ei god løysning å forsøkje å "binde saman" det store geografiske området som funksjonane er spreidd på i dag. Det vert tilråda å klart prioritera den opprinnelige sentrumskjernen rundt kulturhuset og Bømlo Storsenter, som er den historiske delen av kommunesenteret. Her ligg det størst potensial i å få inn kvalitetar som saknast i følge Bømloundersøkinga, og det målgrupper for tilflytting peiker på er viktige framover. Det bør elles utarbeidast ein oppdatert sentrumsplan for kommunesenteret som tek med seg innspela frå tilflyttararbeidet.

Dagens situasjon Svortland sentrum:



Lokalsenter på Rubbestadneset

Dagens situasjon / utfordringsbilete:

- Mange er misnøgd med vegstandard og gong- og sykkelveg, oppleveling av at det ikkje er trygt å ferdast.
- Offentleg transport er faktoren ein er minst nøgd med på Rubbestadneset i følgje Bømloundersøkinga.

- Mangel på tilbod og funksjonar til å samla sett kunne skapa eit levande lokalsenter
- Store eksisterande bygningsvolum, lite samanheng mellom ulike funksjonar og fysisk miljø.
- Mangel på møtestadar og sosiale tilbod i følgje Bømloundersøkinga.

- Mindre variasjon i næringsliv (stor andel innen naturvitenskap, teknikk, håndverk (SSB)).

- På Rubbestadneset er det mange som peikar på at sin drømmestad å bu ikkje er på Rubbestadneset, men andre stader på Børnlo. Dette kan peika på at dei som bur på Rubbestadneset ikkje opplev at butilbodet treff heilt behov.

- Manglar fysisk attraktive omgjevnadar til opphold
- Få attraksjonar og grunnar til å besøkje staden.

- Sjølv om Rubbestadneset skårar høgt på trivsel og inkludering er likevel talet på dei som godt kunne busett seg ein anna plass og høgt. Større kjangs for å miste innbyggjarar til andre stader her.
- Det er peika på at det er mangel på gode sosiale møtestadar og at dette er noko ein bør arbeide aktivt med for å auka attraktiviteten til staden.

Mobilitet



Sentrumsutvikling



Arbeidsplassar




Bustad



Destinasjonsutvikling



Inkludering



Kvalitetar og framtidige og mogelegheiter:

- Båt direkte til Bergen
- Skulebuss i kopling til VGS

- Eksisterande tilbod og funksjonar er samla innan eit lite geografisk område
- Hotelltilbod

- Ny VGS nyleg opna i tilknyting til bedrifter og forsking.
- Sterkt næringsliv, konsentrert med mange arbeidsplassar.

- Ulike bustader tett på lokalsenter
- Noko variasjon i bustadtypar samla sett (78% einebustader, 11% rekkehus, 11% anna (SSB))

- Overnattingstilbod, hotell
- Ligg potensial i å spele på den innovative næringsutviklinga som skjer og skapa attraksjonsverdi for unge spesielt.

- Rubbestadneset skårar høgt på trivsel og inkludering i følgje Bømloundersøkinga. Til samanlikning med andre stader på Børnlo er det kun Finnås som har høgare skår enn Rubbestadneset. Her ligg det difor eit særleg potensial til å ta i mot tilflyttarar og ein god føresetnad til å for eksempel igongsette campar eller liknande felles innsatsar lokalt.

Frå industri og servicesenter til yrande kvardagsliv i lokalsenteret!


Lokalsenteret på Rubbestadneset har gode føresetnader til å bli eit meir levande og attraktivt lokalsenter. Med nye investeringar gjort i etablering av nytt teknologisenter, i kombinasjon med båt til Bergen, hotell og nærbutikk, ligg det eit potensial i å utnytte dette i høgare grad enn i dag.

For å lukkast på Rubbestadneset bør det satsast på møtestadar i lokalsenteret der både folk som arbeider, går på skule og bur på Rubbestadneset kan treffast på tvers av interesser og kopling til staden.

Det ligg òg eit potensial i å utnytte sjøfronten/kaien til opphold, og gjere koplingane mellom det nye teknologisenteret, areal rundt nærbutikk og hotell til ein meir heilskapeleg oppleveling av eit lokalsenter. Det bør sjåast på ein heilskapelig plan for dette der næringslivet, skulen, frivilligkeit og kommunen går saman om å utvikle lokalsenteret.

Med eit sterkt næringsliv og mange arbeidsplassar lokalisert i lokalsenteret, samt skuleplassar og hotell har Rubbestadneset eit særleg fortrinn rundt å skape meir liv i lokalsenteret i vekedagar og på dagtid, til samanlikning med dei andre lokalsentra.

Dagens situasjon Rubbestadneset:



Lokalsenter på Langevåg - Kåså

Dagens situasjon / utfordringsbilete:

- Dårleg kollektivforbindelse til resten av Bømlo
- Offentleg transport er faktoren ein er minst fornøgd med på Langevåg (digital medverknad)

- Utfordringar knytta til vern, begrensningar i utvikling i sentrum. Ikkje nok tettleik med bustader i sentrum
- Gjennomgangstrafikk gjennom sentrum forventast òg å auka i samband med utvikling av fiskerihamn.

- Flere verksemder spredt på Langevåg (SSB).
- Ikkje så stor bredde i type arbeidsplassar innanfor ulike sektorar.

- Frå medverknad: flest meinar det er viktig å arbeide med bustader / tomter (69%) for å gjøre Bømlo meir attraktivt.
- Lite variasjon i boligtyper (97% einebustader (SSB))

- Utfordringer knytta til skule og servicetilbod ift. å behalde desse funksjonane. Mindre nøgd på Langevåg med fritidstilbod både for born, ungdom og vaksne (medverknad).
- Ingen sterk kommersiell drivar innanfor kultur, mat- og turistnæring

- Ingen fast møtestad for nytiflytta eller opplegg for integrering.
- Folk på Langevåg opplever i høgare grad bygdasladder enn dei andre stadene på Bømlo.

Mobilitet



Sentrumsutvikling



Arbeidsplassar



Bustad



Destinasjonsutvikling



Inkludering



Kvalitetar og framtidige moglegheiter

- Ferjekai og kopling sørover
- Kopling til Espevær med båt
- Lite biltrafikk på mange av sidevegane som vert nytta til gang- og sykkel.

- Alt samla på ein stad i funksjonar og tilbod
- Bygdatunet - store gode fasilitetar, møteplass som har potensial til å videreutviklast og utnyttast i høgare grad.
- Gjestehamn
- Fleire attraktive oppholdsoner etablert i campar

- Ny fiskerihavn kan gje mange nye arbeidsplassar

- Bustader i stor grad konsentrert frå "kai" til "kai" (ssb).
- Bustadreserve i felt og gamle bustader

- Sokkamyrå som kulturminne og grøntareal
- Gjestehamn med utviklingspotensial

- Langevåg utvikling har praktisert noko velkommen til oss aktivitet
- Folk på Langevåg har sterkt tilknyting til staden og ynskjer ikkje bu anna plass

Med næringslivet på laget for å skapa eit sterkt og levedyktig lokalsenter!

Langevåg har dei beste føresetnadane for å lukkast med eit levande og attraktivt lokalsenter. Det viktigaste Langevåg har, som få andre stader på Bømlo har, er ein samla sentrumskjerne der alle dei viktigaste funksjonane er samla på ein stad. Sentrum er plassert ved sjøen, og har på denne måten gode utviklingsmoglegheiter ved å spela meir på kvalitetane rundt allereie etablert gjestehamn med utviklingspotensial.

Ei utfordring i lokalsenteret, er at det er lite kommersiell aktivitet knytt til kultur, handel, service og opplevelingar. Bygdatunet har fasilitetane, men manglar meir liv, og treng ny heilskapleg satsing, som både kan spele på reiseliv, næringsutvikling og samstundes ivareta lokalmiljøet sitt behov for ikkje-kommersielle tilbod som i dag. Historia til Langevåg og Espevær med Sokkamyrå og Hesperiholmen har òg eit stort u-utnytta potensial. Det bør søkjast samarbeid og læring frå Moster Amfi, som i høgare grad har lukkast med dette i høve til historie. Espevær og Langevåg bør elles samle sine ressursar, og samarbeide meir.

For å lukkast med eit framtidig attraktivt lokalsenter, vil det bli særleg viktig at ny utvikling av fiskerihamn ikkje trekker sentrumsaktivitet og tilbod ut til industriområdet. Kontorarbeidsplassar bør etablerast i størst mogleg grad i lokalsenteret, for å skape eit levande sentrum og gode synergiar på tvers.

Dagens situasjon Langevåg:



Lokalsenter på Moster - Mosterhamn

Dagens situasjon / utfordringsbilete:

- Offentleg transport er faktoren ein er minst nøgd med på Moster i følge Bømloundersøkinga.
- Vegstandard blir påpeikt som ein særleg svakheit.
- Opplevd lang avstand og dårleg kopling kollektivt til resten av kommunen.

- Veldig spreidd med nødvendige funksjonar, lang avstand mellom skule, butikk, Moster amfi og kaien. Difor strukturelt sett utfordrande å skapa eit attraktivt lokalsenter. Få møtestadar og lite inviterande til opphold.

- Næringsverksemder har spreidd beliggenhet (SSB).

- Lite variasjon i bustadtypar (84% einebustader, 8% rekkehus, 8% anna (SSB))
- Spreidd bebyggelse

- Manglar gjestehamn og servicetilbod knytta til overnatting og fleire støttenæringer som kunne gitt auka besøkstal både til Moster amfi og Mosterhamn som stad.

- Til samanlikning med dei andre lokalsentra på Bømlo er Moster ei av dei stadene der dei som bur der opplever mindre tilknyting til staden.
- Moster har høgast antall innbyggjarar som er misnøgd med sosiale møtestadar i følgje Bømloundersøkinga.

Mobilitet



Sentrumsutvikling



Arbeidsplassar



Bustad



Destinasjonsutvikling



Inkludering



Kvalitetar og framtidige mogelegheiter:

- Betre koplingar sjøveien.
- Kort køyreavstand til Stord

- Potensiale til å utvikla eit meir heilskapeleg lokalsenter gjennom utvikling av sjøfronten og sterke koplingar til Moster amfi og andre eksisterande funksjonar på Teigland.
- Mostrahuset

- Variert næringsliv/arbeidsplassar (SSB).
- Sterkt næringsliv

- Sjølv om bebyggelsen er spreidd, ligg det ein stor andel bustader tett på dagens servicefunksjonar og ned mot kaien.

- Moster amfi - kultursenter, kunst, opplevingar, destinasjon
- Geopark Sundhord
- Historie: eldste middelalder steinkyrkje i landet.
- Potensiale i kopling og opprustning av Skogbu

- Moster har mange menigheter/forsamlingshus, desse kan verke ekskluderande dersom ein ikkje er religiøs, men det ligg også eit potensiale i å sjå desse i eit nettverk av møtestadar i høgare grad.
- Har gode føresetnadnar for å skape fleire attraktive møtestadar og kulturarrangement for lokalbefolkinga gjennom allereie sterk kultursatsing.


Frå eit spreidd og utsydde lokalsenter, til ein heilskapleg og attraktiv stad der kultur, hamnemiljø og natur spelar på lag!

Lokalsenteret på Moster har ei strukturell utfordring ved at sentrale, naudsynte funksjonar er plassert med forholdsvis store avstandar. Dette skapar ei utfordring i å klare å skape ei heilskapleg oppleving av eit lokalsenter, der valfrie og naudsynte funksjonar spelar på lag, og skapar eit levande og attraktivt lokalsenter.

Moster har til gjengjeld eit stort potensiale i den store attraksjonsverdien til Moster Amfi og tilknytta støttefunksjonar og historisk bebyggelse kopla til den verdfulle historia her. Samstundes ligg det også eit stort potensial på den gamle kaien i Mosterhamn, som kan skapa eit sterkt og attraktivt koplingspunkt (slik som før) til sjøen, både gjennom framtidig transportmøglegheit på sjø, men også gjennom reiselivssatsing.

På lang sikt bør ein vurdere om fleire servicefunksjonar bør få plass igjen på kaien saman med serveringstilbod og andre lokale attraksjonar og møtestadar. Det vert tilråda å utarbeide ein heilskapleg plan, der ein ser på nokre langsiktige mål for å skapa eit meir attraktivt og samlande lokalsenter.

Dagens situasjon Mosterhamn:



Lokalsenter på Finnås - Kanalen

Dagens situasjon / utfordringsbilete:

- Manglar siste oppgraderingar av vei, 80% er ikkje nøgd med gong- og sykkelvegar. Mange er også lite nøgd med kollektivtilbod og opplev at det manglar kopling til resten av Bømlo.
- Særleg utfordring knytta til mobilitet på grunn av lange avstandar mellom bustader, lokalsenter, skule og barnehage.

- Opplevd mangel på sosiale møtestadar, urbane kvalitetar og tilbod, i følgje Bømloundersøkinga.

- Næringsverksemder har spreidd beliggenheit (SSB).
- Få næringsverksemder/arbeidsplassar lokalt.

- Ingen variasjon i bustadtypar, kun einebustader.
- Gammal skule med behov for oppgradering gjer det mindre attraktivt å busetje seg for familier.
- Spredt bustadbebyggelse

- Utfordring knytta til heilårs reiselivssatsing med ein basis inntekt knytta til primært overnatting knyt til båt og camping som oftast har liten aktivitet i vinterhalvår.
- Kopling til resten av øya knytta til besökjande som ikkje kjem i bil og ynskjer å oppleve heile Bømlo.

- Sjølv om Finnås skårar høgt på inkludering er det likevel ein del som saknar sosiale møtestadar som er attraktive. Dette kan ha samanheng med dei spredte funksjonane som ikkje i høg nok grad kan spele på lag med kvarandre.
- Kulleseidkanalen er ei kommersiell drift. Ein stad treng også i høg grad ikkje kommersielle møtestadar både innandørs og utandørs.

Mobilitet



Sentrumsutvikling



Arbeidsplassar



Bustad



Destinasjonsutvikling



Inkludering



Kvalitetar og framtidige mogelegeheter:

- Potensiale: betre koplingar sjøveien, øybåtar.
- Utbetra veg, trafikksikkerheit til skule.
- Taxisentral

- Godt drevne lokalbutikk og gjestehamn som gjer eit godt lokaltilbod samla sett.
- Fine omgivnadar med kopling til sjø
- Fortsatt eit utviklingspotensial langs kulleseidkanalen.

- Potensiale for vidareutvikling av næringsliv knytta til reiseliv og service.
- Nærkontorsatsing knytta til reiseliv, kultur- og servering.

- Sjølv om bebyggelsen er spreidd, ligg ein stor andel bustader tett knytta til lokalsenteret på Kanalen.

- Kulleseidkanalen gjestehamn (restaurant, camping, gjestehamn, kulturarr.)
- Kulleseidkanalen som historisk verdi i seg sjølv
- Bømlo folkehøgskule - ressurs, men ligg langt frå sentrum

- Finnås skårar høgast av alle stadene på Bømlo på trivsel, tilknytning til staden og inkludering. Her ligg difor også eit stort potensial til å vere særleg god til å ta i mot tilflyttarar.


Med gjestehamna og lokalbutikken som omdreiningspunkt for å skapa eit tydelegare og meir attraktivt lokalsenter!

Kulleseidkanalen har ei rik historie å spele på, og har dei seinare åra fått til ei brei satsing på reiseliv gjennom utvikling av Kulleseidkanalen gjestehamn. Her er óg ein veldriven nærbutikk, som er godt likt og populær i tilknyting til bensinstasjonen. Desse funksjonane ligg tett på kvarandre og tett på Kulleseidkanalen, som i seg sjølv er ein attraksjon. Kanalen som lokalsenter har lukkast med å skape attraktive sosiale arrangement som både tiltrekker lokalmiljø, folk frå heile Bømlo og andre besøkjande turistar. Dette er eit godt utgangspunkt å spele vidare på, for å skape eit meir heilskapleg lokalsenter.

Utfordringa til Finnås som stad, er den lange avstanden mellom skule/barnehage, mangel på arbeidsplassar og dagleg aktivitet knytta til lokalsenteret. Utan dette, er det krevjande å skape eit levande og attraktivt lokalsenter. Det bør difor arbeidast med ein annan strategi for Kanalen som lokalsenter samanlikna med dei andre lokalsentra, som kanskje i høgare grad tilrettelegg for rekreasjon og opphold med tilknytta funksjonar og tilbod for dette.

På lang sikt bør ein sjå på korleis nødvendige funksjonar i større grad kan samlokalisera, for å skape eit meir attraktivt og fleirfunksjonelt lokalsenter.

Dagens situasjon Finnås:



05

Frå strategi til handling

Det finst ein god del forsking på kva som er folk sine flyttemotiv, men det finst ikkje like mykje forsking på kva konkrete tiltak som faktisk kan motverke fråflytting. Oppfølging av strategien er difor svært viktig, og vil i høg grad handle om strukturert innsats over tid, der ein må prøve seg fram med dei lokale føresetnadane og ressursane som Bømlo har. På neste side vert det peika på viktigeita av å etablere nye måtar å samarbeide på, som suksesskriterie for å lukkast. Vidare må strategien følgjast opp med langsiktig innsats, og konkrete, årlege handlingsplanar.

Lokalt og regionalt samarbeid

Sunnhordlandsregionen:

Det vil vere viktig å løfte arbeidet med tilflytting opp til eit regionalt nivå, og utvide personas og tilflyttarstrategi til eit Sunnhordlandsnivå. Sunnhordland er ein felles bu- og arbeidsregion, og skal ein lukkast med auka tilflytting til regionen, må me dra i lag. Det vil også vere hensiktsmessig at dei einskilde kommunane i Sunnhordland utfører tilsvarende prosjekt som Bømlo, for å lage sine planar for å bli meir attraktive stader å bu. Dette vil kunne styrke det regionale samarbeidet, der kvar kommune spissar sine strategiar, og positivt skil seg frå kvarandre, samstundes satsar i lag.

Bømlo:

Akkurat som me må løfte arbeidet opp på regionalt nivå, er det på same måte viktig å løfte satsinga til å sjå heilskapleg på Bømlo si utvikling. For å lukkast med ei realisering av tilflyttarstrategien blir det avgjerande at heile kommunen klarar å arbeide saman, og på lag, for heile Bømlo. Bømlo må sjåast under eitt.

Det må arbeidast med å byggje tillit og etablere eit positivt samarbeidsklima, og som byggjer ned konkurransen mellom ulike delar av kommunen, enten det er konkurransen mellom bygder/lokalsenter eller bygd og kommunesenter. Finansieringa og samarbeidet av sjølve tilflyttarstrategien er eit fint døme på samarbeid mellom næringsaktørar over heile kommunen som drar i lag. Dei overordna innsatsområda bør leggjast til grunn for dei avgjerslene som vert teken framover.

Sentrumsutvikling:

Både lokalsentra og kommunesenteret treng meir heilskaplege planar, der ein tenkjer meir stadsutvikling og mindre på ein skilde funksjonar, vegar og anlegg for å lukkast. 9 av 10 av personas-ane Bømlo vert råda å satse på i høve tilflytting, har i større eller mellomstor grad behov for meir attraktive lokalsenter og eit levande kommunesenter. Same gjeld behov kartlagt i Bømloundersøkinga hos dei som bur i kommunen i dag.

Det vert tilråda ei satsing på å utarbeide heilskaplege planar for kvart lokalsenter og kommunesenter, og ei tydeleg satsing på kommunesenteret som sentrum på Bømlo. Her bør ein etablere ei prosjektgruppe for kvart lokalsenter og for kommunesenteret, der ein utarbeider heilskaplege planar for kvar stad i fellesskap. Desse planane bør forankrast i kommunen sine juridiske planar, men også hos grunneigarar, lokalt næringsliv og lokalmiljøet. Paralellt med utarbeidning av tilflyttarstrategien har næringsliv på Langevåg gått saman om å få utarbeida ei moglegheitsstudie for sentrumsutvikling og stadsutvikling på Langevåg. Langevåg har også etablert ein kultur for gjennomføring av camp-ar. Denne studia og satsinga på sentrumsutvikling og det å skapa møtestadar på Langevåg, kan difor fungere som både inspirasjon og rettleiar til dei andre lokalsentra.

Nye samarbeid på tvers:

For å kunne følgje opp og starte ei realisering av tilflyttarstrategien, vil det vere heilt naudsynt å få til eit betre og sterkare samarbeid på tvers. Synergiar mellom dei ulike satsingane oppstår først når dette skjer.

Det er mange måtar ein kan etablere nye samarbeid på. Det kan gjelde auka felles innsats knytt til kommunikasjon, det kan handle om nye former for offentleg-privat samarbeid, og det kan vere nye samarbeid der kommersielle aktørar går saman med frivilligkeit for å skape nye, attraktive og levedyktige tilbod.

Spannande nye samarbeid kan til dømes vere:

- Nye konsept som krysskolar kulturoppleving, naturoppleving, mat- og matproduksjon.
- Nytt type samarbeid mellom kommune og bustadutviklarar for å sjå på nye måtar å byggje bustader på, og nye finansieringsmodellar.
- Samarbeid med Fylkeskommunen, transportselskap, lokale bedrifter på Bømlo og kommunen, der ein får til nytenking rundt offentleg transport, både på land og sjø.
- Tenkje alternativt rundt etablering av kontorfellesskap, der nye typar samarbeid kan gjere fleire kontorfellesskap/nærkontor realiserbare og levedyktige. Dette kan handle om å tenkje nytt på fleir bruk/sambruk med andre kommersielle aktørar, frivilligkeit og kommune.
- Formalisere eit tydelegare samarbeid mellom kommunen og grendelag rundt det å vere det beste mottaksapparatet for tilflyttarar.
- Koordinering av årlege arrangement for heile Bømlo. "Bygdakoordinering" på tvers, med felles årshjul og samhandling.
- Kopla lokalt samarbeid med regionalt samarbeid, også på tvers (ikkje betre knytt til bransje/sektor).

Årlege handlingsplanar:

Det vert tilråda å utarbeide årlege handlingsplanar, som spenner vidt, som oppfølgingsarbeid for å starte realisering av strategien. Nokre tiltak vil vere enkle lågthengande frukter, medan andre vil krevje større satsingar og investeringar over tid.

Det vert difor viktig å arbeide både kortsiktig og langsiktig med realisering av strategien vidare, og skape nye samarbeidsarena som sikrar synergiar på tvers. Som vedlegg til strategidokument finn ein utkast til første årlege handlingsplan for 2024. Dette er eit levande dokument, som bør tilpassast og utviklast framover.

Oppfølging og realisering

Det bør etablerast ei styringsgruppe for oppfølging og realisering av handlingsplanen til tilflyttarstrategien. Handlingsplanen skal vere eit levande dokument, og inneheld mange ulike prosjekt. Desse bør organiserast som ei portefølje. Kommunedirektør i Bømlo kommune bør vere portefølgjeeigar. Styringsgruppe bør bestå av (minimum) Ordførar, Folkehelsekoordinator, Samfunnsplanleggjar, Arealplanleggjar, Rådgjevar kultur og idrett, representant frå næringslivet og portefølgjeeigar.

Bømlo Næringsråd vert tilrådd å vere prosjektkontor, arbeide med å plassere rett eigarskap til dei ulike prosjekta i portefølgja, koordinere, følgje opp status og rapportere til styringsgruppa.

Til sist, så må det ikkje gløymast å ta vare på ressursane Bømlo sit på. Dei vil alltid vere staden sitt viktigaste fortrinn i framtidig utvikling, uansett kva me planlegg!

- Naturen - havet, biologisk mangfald, bergartane, matjorda...
- Kulturhistoria - både dei fysiske kulturminna, landskapet og historieformidlinga..
- Næringslivet - innovasjon, nyskaping, lokale investeringar, arbeidsplassar..
- Attraktive lokalsamfunn - eit trygt, roleg og attraktivt lokalsamfunn..
- Frivilligheita - eit sterkt og veldrive frivilligheitsnettverk som bidrar til betre folkehelse, fritidstilbod og lokale arrangement..
- Bømlakulturen - arbeidsomme og handlekraftige øyfolk!

Målkonfliktar og synergiar!

Her vil me møta på målkonfliktar i den komande tida. Forsøkjer ein å skape attraktive bustader der folk vil bu, kan dette øydeleggje våre naturressursar og vår kulturarv. Klarar ein ikkje å tilretteleggje for attraktive bustader som nyttar dei lokale kvalitetane som Bømlo har, kan me gjere busetnad her mindre attraktivt og vanskeleg.

Legg ein til rette for auka vekst og auka fokus på urbane tilbod, kan dette, dersom det vert gjort på feil måte, truge det rolege, trygge lokalsamfunnet som i høg grad er drive fram av frivilligheita i dag.

Dette er eksempel på moglege målkonfliktar me kjem til å stå i den komande tida, når tilflyttarstrategien skal setjast ut i praksis. Me må difor vere bevisste på kvar målkonfliktane potensielt ligg, og navigere i dei, slik at me får fram dei positive synergiane framfor å skapa nye utfordringar for oss sjølv i utviklinga av Bømlo som ein meir attraktiv stad å bu, besøkja og arbeide.





LÉVA Urban Design